



Kenneth Bjørnevoll
Reikeråsvegen 175
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19347 - 21/11363

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
19.02.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 62/67 Toffing

Tiltak: naust
Byggjestad: Gbnr: 62/67
Tiltakshavar: Kenneth Bjørnevoll
Ansvarleg søkjar: Kenneth Bjørnevoll

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.12.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er naudsynt med eit målsett situasjonskart som syner avstand til nabogrense, andre bygg, byggegrense osv. I og med at eksisterande situasjonskart ikkje syner avstand til nabogrense osv., er det naudsynt å nabovarsla tiltaket på nytt jf. plan- og bygningslova § 21-3. Situasjonskartet kan med fordel vera frå Alver kommune. Vi minner om krava i plan- og bygningsloven § 29-4 knytt til avstand.
2. Det kjem ikkje fram informasjon frå teikningane om takvinkel for naustet. I gjeldande reguleringsplan er det lagt opp til ein takvinkel på mellom 15-25 grader.
3. Teikningane manglar opplysningar om golvhøgde (OK-golv). Vi gjer merksam på at i gjeldande KDP for Lindås 2019-2031 under punkt 2.6.3 kjem det fram bygningar som ikkje er sikra mot flo skal som hovudregel plasserast 2,5 meter over 0-vasstand. TEK17 § 7-2 andre ledd kjem det fram at tiltak som i kraft av sin funksjon skal plasserast i flaumutsette områder skal konstruerast og oppførast slik at dei kan tåle ein belastning som dei blir utsett for under flaum.
4. Det kjem fram i dokumenta som fylgjer søknaden at det skal opparbeidast tilkomstveg og parkering på det arealet som er avsett til parkering i gjeldande reguleringsplan.

Det er naudsynt å søkja om opparbeiding av parkering, tilkomstveg og utvida bruk av avkøyrsløse frå fylkesveg.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan **01.04.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kenneth Bjørnevoll
Kenneth Bjørnevoll

Reikeråsvegen 175
Reikeråsvegen 175

5913 EIKANGERVÅG
5913 EIKANGERVÅG